

«Mi fortids framtid» i Odda

Laurdag 25. november opnar Kunstutstillinga «Mi fortids framtid» i Sentralbadet litteraturhus.

Kunstnar Bitta Bøthun Bjørnsdotter kjem med måleri, silkestrykk og mixed media og inviterer til salsutstilling i eitt av dei flotte husa som står att etter at Odda smelteverk stengde dører og arbeidarane ikkje lenger går inn og ut portane. Utstillinga vert ståande til 17. desember.

I ei pressemelding frå litteraturhuset går det fram at kunstnaren, som er fødd på Stord, har slektsrøter i Odda - og gode minne frå opphald hos besteforeldra på Banhamar.

Bestefaren Ingvald Bøthun

var rosemåler, og Bitta var ofte med han i atelieret eller på rosemålingskurs der han var lærar. Gjennom farfar Bjarne Ulriksen som jobba på verkstaden på Smelteverket, vart ho kjend med historier frå dei aktive dagane ved smelteverket. Ho var her på kunstnaropp- hald i sommar.

Det vart opptakten til utstillinga som no kjem. Den er knytt til «denne vesle, vakre byen som ligg mellom bratte fjell langt inne i fjorden».

Utstillinga viser i fylgje pressemeldinga «element frå Odda, den industrielle tettstaden frå 1900-talet, til en by med mykje kultur og imponerende naturperler».

